



# **REGLEMENT FOR UTSTILLAR**

## **DYRSKU'N 2023**

Dyrsku'n er Noregs viktigaste møteplass for mat og landbruk, handel, politiske debatter, foredrag og rotekte opplevingar.

På Dyrsku'n skal utstillarane få vist fram sine tilbod på ein best mogleg måte i hyggelege omgjevnader. Dyrskuplassen skal vere trygg, ryddig og tilgjengeleg for utstillarar og tilsette gjennom heile arrangementsperioden, i tillegg til publikum i opningstida på arrangementet.

Utstillar må rette seg etter dei retningslinene som arrangøren til ei kvar tid fastsett for arrangementet. Kontaktperson hos utstillar har ansvar for å gjere innhaldet i reglementet kjent for sine kollegaer og øvrig standpersonell, og at desse til ei kvar tid vert overheldt. Ved brot på reglementet kan utstillar bli vist bort frå området og arrangør kan avvise framtidige søknader frå utstillar.

### **Innhaldsliste**

1. Tidsfristar og økonomisk ansvar .....	2
2. Standplass.....	2
2.1. Generelt.....	2
2.2. Standplassen .....	3
2.2.1. Standplass ute .....	3
2.2.2. Standplass inne .....	3
2.3. Opprigg.....	3
2.4. Straum.....	3
2.5. Under arrangementet.....	4
2.6. Nedrigg.....	4
3. Produktgrupper .....	4
4. Overnatting og ordensreglar .....	5
5. Opningstider .....	5
6. Brannvern .....	5
7. Ansvar.....	6
8. Force majeure .....	6
9. Kontaktinformasjon .....	6



## 1. Tidsfristar og økonomisk ansvar

Vi tek atterhald i justeringar av standleige. Ved eventuelle mindre justeringar i regelverk vil dette bli kommunisert til kvar einiskild utstillar.

Ved innsending av søknadsskjema stadfester utstillar å ha gjort seg kjent med reglementet for utstillarar på Dyrsku'n, og er bunden av dette.

- Påmeldingsavgift vert betala ved registrering og innsending av søknadsskjema. Vi gjer merksam på at avgifta ikkje vil bli refundert ved eventuell avbestilling og/eller ved at utstillar ikkje får tildelt standplass på arrangementet. Innbetalt avgift kan heller ikkje overførast til neste års arrangement.
- Frist for innsending av søknadsskjema er 1. februar 2023. Søknadar som vert registrert etter fristen, blir automatisk sett på venteliste.
- Tildeling av standplassar vil bli klart medio mars. Inntak frå venteliste skjer fortløpande deretter og fram til 1 veke før arrangementet startar.
- Faktura for standleige vert sendt ut ultimo mai med ordinær 14 dagars betalingsfrist. Utstillar vil ikkje få tilgang til tildelt standplass før standleiga er betalt i sin heilskap. Vår samarbeidspartner på faktoring vil overta kundeansvaret ved misleghald av innbetaling.
- Frist for avbestilling av tildelt standplass er 25. juni 2023. Avbestilling må sendast skriftleg til [utstillar@dyrskun.no](mailto:utstillar@dyrskun.no) for å vere gyldig. Ved avbestilling mottatt innan oppgitt dato vil innbetalt standleige bli refundert.
  - Ved avbestilling etter 25. juni må standleige likevel betalast i sin heilskap. Unntak er ved framvist legeerklæring, som sendast uoppmoda til [utstillar@dyrskun.no](mailto:utstillar@dyrskun.no). Arrangør vil i slike tilfelle refundere innbetalt standleige.
- Dyrsku'n ynskjer å kartlegge verdiskapinga under Dyrsku'n. Matutstillarar pliktar difor å sende omsetnadsrapport i etterkant av messa, dette gjeld både for dei som sel serveringsmat og emballert mat. Arrangøren pliktar å behandle rapporten konfidensielt, og den vil ikkje bli delt vidare med tredjepart.

## 2. Standplass

### 2.1. Generelt

- Vi ynskjer ein god variasjon og oversikt over produkta som vert selt på Dyrsku'n, og det er av den grunn ikkje høve til framleige eller bytte av stand utan godkjenning frå arrangør.
- Fartsgrensa for køyring inne på marknadsområdet er til ei kvar tid maks 20 km/t.
- Bruk av dronar må søkast om i kvart einiskild tilfelle. Politiet gjev ikkje løyve til overflyging på arrangementsområdet.
- Har ikkje utstillar sjekka inn på utstillarkontoret innan fredag kl. 08.00 dagen arrangementet startar, blir standplassen frigjort og arrangør kan fritt selje den vidare til andre utstillarar.
- Ved no show vil opphaveleg betalingskrav på standleige fylgje ordinære rutinar for innbetaling.
- I standleiga får du med 2 stk. adgangsband for utstillarar. Alle billettar og øvrig akkreditering kan bestillast på søknadsskjemaet eller kjøpast på utstillarkontoret under heile arrangementet. Sjå prisar på [www.dyrskun.no/for-utstillar](http://www.dyrskun.no/for-utstillar)



- Vi har ikkje tilgjengeleg trådlaust nett på Dyrskuplassen. Utstillarar med behov for dette må sjølv sørge for gode løysingar og ha med eige nett.

## **2.2. Standplassen**

### **2.2.1. Standplass ute**

- Utestandane har underlag av gras eller grus. Djubda varierer, men er i hovudsak mellom 4-7 meter etter kva for område du har blitt tildelt.
- Utstillar disponerer standplass frå vegkant og bakover hovudsakleg til midten av feltet. Ved tvilstilfelle, ta kontakt med Utstillarkontoret for tilvising.
- Områda for landbruk-/anleggsmaskin og bil/motor har eit minsteareal på 50 m<sup>2</sup>. Djubda på desse standane varierer mellom 7-12 meter.

### **2.2.2. Standplass inne**

- I Hall A (Husflid & handverk) er standplassane inndelt i modular på 4-8 m<sup>2</sup>. Her er det rammeverk i tre, utstillar må sjølv dekke til skiljeveggene med brannhemmande stoff e.l. Underlaget er betong.
- I Lokalmat-teltet er det modular på 8-9 m<sup>2</sup>. Standane er avgrensa med ca. 1 meters høge gjerdeelement. Underlaget er teltgolv i trefinish.

## **2.3. Opprigg**

- Standplassen er disponibel for utstillar ei veke før og ei veke etter arrangementet.
- Telt/vogner/bilar må plasserast innanfor grensene på tildelt standplass. Dette gjeld òg drag på vogn/bardunar/betonglodd til telt osv.
- Det er kun køyretøy for vareleveranse som er tillate inne på arrangementsområdet. Privatbilar skal parkerast på tilvist parkeringsplass med gyldig parkeringsbevis godt synleg i frontruta.
- Tungbilar med vareleveranse må kome seinast onsdag i Dyrsku-veka.
- Sjå pkt. 7 Ansvar

## **2.4. Straum**

- Straum inntil 1,5 kw fylgjer med i standleiga. Sjå søknadsskjema for spesifikasjon og bestilling av ditt straumbehov. Utstillarar med særskilte behov for straum, må sjølv ha dette i beredskap i tilfelle straumbrot.
- Ekstra straum kan bestillast fram til 1. august, bestillingar gjort etter dette vil bli fakturert med eit påslag på 25%.
- Bestilling av straum gjort seinare enn 48 timar før opning, vil bli utført av arrangementets eigne montørar og fakturert etter medgått tid, og kan ikkje garanterast ferdig innan messa opnar.
- Alt elektrisk utstyr som skal nyttast må vere CE-merka og godkjent jamfør europeisk standard.
- Av miljømessige omsyn oppmodar vi på det sterkaste å bruke energisparande belysning, som LED-belysning, i utforming av standplassen.



## **2.5. Under arrangementet**

- Plakatar og anna reklame kan ikkje setjast opp eller distribuerast utanom eigen standplass.
- Ambulerande sal er ikkje tillate. Alt sal og marknadsføring skal skje innanfor grensene på tildelt standplass.
- Bruk av stemmeforsterkar/lydanlegg er ikkje tillate. Ta omsyn til dine naboar! Dette gjeld òg støy frå maskiner; motorsager, sagbruk osv. Tenk at det skal vere mogleg å snakke saman på nabostanden.
- Tildelt standskilt skal hengast opp godt synleg på standen.
- Adgangsband for utstillar skal vere festa rundt armen under heile arrangementet.
- Varetransport må skje før og/eller etter opningstida for publikum under arrangementet. Dette gjeld for alle køyretøy, også ATV. Nødvendig akkreditering kan kjøpast på Utstillarkontoret.
- Det er utstillars ansvar å halde standplassen sin og området rundt ryddig og fritt for søppel til ei kvar tid. Dyrsku'n ynskjer at avfall i samband med arrangementet i størst mogleg grad skal bli ein ressurs, og våre utstillarar har plikt til å rette seg etter dette. Sjå [www.dyrskun.no/avfallssortering](http://www.dyrskun.no/avfallssortering) for meir informasjon.
- Sjå pkt. 6. Brannvern og pkt. 7 Ansvar

## **2.6. Nedrigg**

- Start av nedrigg skal ikkje skje i opningstida for publikum.
- Arrangementet har ein utkøyringsplan som alle utstillarar må rette seg etter. Utstillarane vil få tilsendt denne i forkant av arrangementet.
- Ei veke etter arrangementet må alt gods og avfall vere fjerna frå standplass. Dersom arrangør må rydde ytterlegare, blir ansvarleg utstillar fakturera for utgifter tilknytt rydding av standplass, i tillegg til eventuell renovasjonsavgift.
- Sjå pkt. 7 Ansvar

## **3. Produktgrupper**

- Det er ikkje lov å selje varer som strider mot norsk lov.
- Alle som sel næringsmiddel skal vere registrert hos [Mattilsynet](http://Mattilsynet).
- Dersom utstillar har med varer med spesielle krav til eigne løyve jf. norsk lov, må dette kunne dokumenterast for arrangør/offentlege myndigheiter ved eventuell kontroll på messeområdet.
- Utstillar må følgje [kassasystemlova og regelverk frå 07.09.21](http://kassasystemlova).
- Arrangør har samarbeidsavtaler tilknytt sal av serveringsmat på plassen. Det er ikkje tillate å selje serveringsklar mat utan avtale på førehand. Dette gjeld også sal av sukkerspinn, popcorn, baconcrisp o.l.
- Loddsal/lotteri: utstillar må sjølv ordne med tillatelse frå [Lotteri- og stiftelsestilsynet](http://Lotteri-ogstiftelsestilsynet).
- Ulovlege varer på Dyrsku'n: El-sigarettar, softgun, fjær-/luftvåpen, heliumballongar, sprayboksar som medfører forsøpling, varer som medfører helsefare, narkotikasymbol/brukarutstyr, kastestjerner, sverd, kinaputtar, springknivar o.l.
- Sjå pkt. 7 Ansvar



#### 4. Overnatting og ordensreglar

- Det er lov å overnatte på eigen utandørs standplass. Av omsyn til brann skal tal på personar som overnattar fortløpande meldast inn til Utstillarkontoret.
- Det er påbod med brannsløkkingsapparat på min. 6 kg ABC og røykvarslar/gassvarslar i alle bu-einingar
- Det er ikkje tillate å overnatte på innandørs standplass eller parkeringsplassane kring messeområdet.
- Det skal vere ro på arrangementsområdet mellom kl. 24.00-06.00. Ved brot på stilletida kan utstillar bli vist bort frå området. Ta omsyn til naboen!

#### 5. Opningstider

- For publikum: fredag og laurdag kl. 09.00-20.00. Sundag kl. 09.00-18.00.
- For utstillar: sjå [www.dyrskun.no/for-utstillar](http://www.dyrskun.no/for-utstillar) for opningstider opp-/nedrigg.
- Standplassen skal vere open i heile opningstida for publikum. Brot på dette og/eller nedrigg i opningstida kan føre til avslag på framtidige søknadar til Dyrsku'n.

#### 6. Brannvern

Som arrangør har vi eit stort ansvar for branntryggleiken på Dyrskuplassen. Vi har kvalifisera brannmannskap med nødvendig utstyr stasjonert på plassen under heile Dyrsku-veka, i tillegg til tett samarbeid med offentlege beredskapseiningar.

For deg som utstillar er det viktig å halde seg innan tildelt standplass, slik at vegane er lett framkommelege for utrykkings-køyretøy.

Tilløp til brann? Ring 110 og vakttelefonen til messa, og start sløkkingsarbeid om mogleg. Evakuer deg sjølv og andre.

Har du spørsmål om bruk eller oppbevaring av brannfarleg utstyr/materiell, spør gjerne brannmannskapet om faglege råd.

- På messeområdet finnast det brannkummar som er spraya raude på kumløkket. Desse skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for brannvesenet, og må ikkje dekkast til med standmateriell, telt osv.
- Alle standplassar skal ha godkjent brannsløkkingsapparat, min. 6 kg ABC.
- Alle overnattings-einingar skal, i tillegg til brannsløkkingsapparat min. 6 kg ABC, ha installert godkjent røykvarslar og/eller gassvarslar.
- Det vil bli utført kontroll gjennom heile Dyrsku-veka av sertifisert brannmannskap, og utstillar må rette seg etter pålegg som blir gjeve av desse. Brot på reglementet kan føre til umiddelbar bortvising frå Dyrskuplassen.
- Det er ikkje tillate med open eld på standplass utan godkjenning. Søknad sendast på førehand av arrangementet til [utstillar@dyrskun.no](mailto:utstillar@dyrskun.no) der du beskriv eldstaden og sikkerheits-rutinar du har planlagt.
- Bruk av eingongsgrill og kolgrill er ikkje lovleg på Dyrskuplassen.
- Grilling kan berre skje ute og etter at utstillinga er stengt for publikum. Det skal vere minst 1 meter avstand frå telt/campingvogn. Forlat aldri ein gassgrill i drift!



- Ved bruk av propan er det påbod med gassvarslar. Oppdagar du propanlekkasje skal hovudkrana straks stengast, reguleringsventilen koplast frå dunken og dunken må fraktast i trygg avstand frå staden. Stans all bruk av open eld. Varsle brannvesenet.
- Det er svært viktig at det ikkje blir lagra brennbart avfall, spesielt papp og papir, inne på eller kring standplass. Dette skal leverast fortløpande på returpunkt plassera på ulike stader kring arrangementsstaden.

## **7. Ansvar**

- Utstillarane skal fylgje gjeldande norske lovar og aldersgrenser, og spesielt lovar og reglar kring meirverdiavgift, kassasystem-lova og brukthandlar-lova.
- Utstillar er ansvarleg for skader utført i aktløyse som dei, folka deira, produkt, utstyr o.l. påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar.
- Gjeldande reglar for bruk av verneutstyr og trygt arbeid i samband med opp-/nedrigg skal til ei kvar tid følgast. Ved eventuelle avvik har arrangør rett til å stoppe arbeidet med umiddelbar verknad.
- Flaggstenger skal sikrast forsvarleg. Det er ikkje tillate å feste banner eller liknande mellom to stenger.
- Det er ikkje tillate å prøvekøyre utstyr/maskinar under arrangementet. Ved ev. oppstart av maskiner skal dette gjerast under påsyn av utstillar. Nyklar skal fjernast frå maskina etter bruk.
- Alt utstyr/produkt, t.d. gravemaskinskuffer og tilhengarar skal stå på bakken under arrangementet.
- Det er ikkje tillate å nytte elektriske sykklar og elektriske sparkesyklar i opningstida på messa.
- Alle utstillarar skal ha teikna eigen ansvarsforsikring med ein forsikringssum på minimum kr. 10 millionar pr. skadetilfelle.
- Arrangør dekker ikkje tap i samband med tjuveri, skadeverk, sabotasje o.l.
- Arrangør dekker ikkje tap eller tilbakebetaling av utlegg (leige, avgifter o.l.) i samband med forhold som ligg utanfor vår kontroll; t.d. vêr, tredjemanns- og leverandørars handlingar, force majeure o.l. I alle høve kan det ikkje krevjast erstatning for indirekte tap av arrangør.

## **8. Force majeure**

Force majeure eller force majeure-liknande hendingar, inkludert – men ikkje avgrensa til, nasjonale tiltak innført på kort varsel knytt til pandemiutbrot, krig, bombetrussel, streik, lockout, oversvømmelse, naturkatastrofar eller andre forhold som ligg utanfor arrangørs kontroll, og arrangementet må avlysast, medfører ikkje rett til å krevje erstatning eller refusjon for standleige og andre utgifter tilknytt messedeltakelsen for utstillar.

## **9. Kontaktinformasjon**

**DYRSKU'N ARRANGEMENT AS**  
Nordbygdivegen 60  
3840 SELJORD

Tlf.: 35 06 57 70  
[utstillar@dyrskun.no](mailto:utstillar@dyrskun.no) | [www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no)  
Org.nr. 976 466 365